OSTERØY KOMMUNE

Tilleggsinnkalling
av
Formannskapet

Møtedato: 07.09.2022
Møtestad: Heradsstyresalen
Møtetid: kl.13:00 - 17:00

Eventuelle forfall må meldast i Kaukus eller til Runar Ludvigsen per tlf. 56192100, sms til eller per epost til runar.ludvigsen@osteroy.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Sakliste

Saknr	Tittel
080/22	Tilleggsbevilgning Lonevåg barnehage nytt tak

6. september 2022

Lars Fjeldstad
Ordførar

Runar Ludvigsen
Sekretær

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
080/22	Formannskapet	PS	07.09.2022

Saksbehandlar		ArkivsakID
Jan Arne Solberg		22/1436

Tilleggsbevilgning Lonevåg barnehage nytt tak

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen får mynde til å tildele kontrakt og gjennomføre prosjektet innanfor ein ramme på kr. 6.375.000 inkl. mva.

Saksopplysningar:

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Investeringar i økonomiplanen 2022 – 2025: Oppgradera tak Lonevåg barnehage – rehabilitere yttertak. Det omfattar riving/fjerning av eksisterande taktekking ned til underlagspappen, montering av ny papp, lekter, sløyfar og takstein og nye rennar/nedløp og beslag. Budsjett 2022 er 4 millionar.

Kommunen har kunngjort tilbodskonkurranse på Doffin med frist 19.8.22. Ein stilte krav om berekraftig energibruk, som t.d. solcellepanel og energilagring som opsjon. Samtlege tilbod er over budsjettert beløp. Dette skuldast antakeleg auke i råvarekostnadar og materialar.

Vurdering

Rådmannen vurderer at det til trass for auke i kostnaden i høve til budsjett, vil det vere eit godt prosjekt for kommunen. Taket må uansett skiftast og her har ein moglegheita til å få ein berekraftig løysing.

Ut i frå informasjon på Fjordkraft sine heimesider om solenergi, blei ønska årleg maks effekt sett til 50 000 KWh.

Ut i frå ein samla betraktning rundt energi og klima, har ein også vurdert energilagring som eit døme på berekraft og fått opsjon på dette.

Budsjett i økonomiplan 2022	kr. 4 000 000,-	
Innkomne tilbod, lågaste pris inkl. energilagring (opsjon, utgjer kr. 250 000,- eks mva)		kr. 4 607 184,- eks mva
«Buffer» på 10% av kontraktssum som ekstra sikkerheit for uføresette kostnadar		kr. 460 000,- eks mva

Sum	kr. 5 067 184,- eks mva

Folkehelse
Miljø
Økonomi

Konklusjon

Med bakgrunn innkomne tilbod og forslag til løysingar, tilrår rådmannen at budsjettramma for å oppgradera tak Lonevåg barnehage aukast til kr. 5 100 000,- eks mva / 6 375 000 inkl. mva. Behovet for auka budsjett finansierast ved å omfordela avsette budsjettmidlar til Valestrand busslomme. Dette prosjektet vil mest sannsynleg starte opp i 2023.